

SUNNFJORD MILJØVERK IKS

ÅRSMELDING 2018

Verksemdas art og plassering

Sunnfjord Miljøverk IKS har som formål å drive med innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane. Deltakande kommunar er Askvoll, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Jølster og Naustdal. Selskapet har hovudkontor og forretningsadresse i Førde.

Rettvis oversikt over utvikling og resultat

Selskapet har hatt ein omsetningsauke på 19,21% frå 2017 til 2018. Resultatgraden er på -7,73 % i 2018, mot -38,27 % i 2017. Selskapet har ein eigenkapitaldel på 66,29 % og likviditeten er god. Utviklinga i omsetnad, resultatgrad og eigenkapitaldel er delvis styrt, og som forventa, idet ein har fondsavsetjingar på slam og renovasjon som skal først tilbake til abonnentane.

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rettvisande bilde av selskapets eignelutar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Sentrale risiki og usikkerheitsfaktorar

Kompostlager

Etter tilsyn i 2017 vart SUM pålagt å komme med forslag til behandlingsløysing for kompost som ikkje var forskriftsmessig lagra. SUM fekk i 2018 løyve frå fylkesmannen til å etablere bioceller for handtering av kompostlageret. Arbeidet med biocella starta i januar 2019. Biocella vil bli mellombelse med ei anslått brukstid på 6–10 år. Undervegs i driftsfasen vil det bli tatt prøvar av biocella for å avklare vidare behandling av kompostlageret.

Etablering av bioceller er kostnadsrekna til 12,4 millionar. Kostnadane er basert på tilbod frå entreprenør og rådgjevar. Kostnaden blei kostnadsført i 2017.

Vi ser i dag for oss tre ulike løysingar når biocellene blir opna opp.

1. Innhaldet kan behandlast vidare for så å bli nytta som kompost.
2. Innhaldet kan ikkje nyttast til kompost og må sendast til forbrenning eller anna sluttbehandling.
3. Innhaldet kan ikkje nyttast til kompost eller er eigna for annan behandling og må deponerast på SUM sitt deponi.

Det er i dag ikkje mogleg å seie noko om kva alternativ som er mest sannsynleg. Prøvar som blir tatt frå biocellene i driftsfasen vil sei noko om kva for endringar massane gjennomgår, og først etter nokre år vil vi kunne avklare kva for behandling som er mogleg når biocellene skal avsluttast.

Finansiell risiko

Finansiell risiko er knytt opp mot utfordringane i førre avsnitt. Kommunane vel sjølv løysing på kommunale tenester i sitt selskap, og garanterer for selskapa så lenge dei ser seg tent med dette.

Forskings- og utviklingsaktivitetar

Selskapet driv ikkje med forskings- og utviklingsaktivitetar.

Fortsatt drift

Årsrekneskapen for 2018 er sett opp under føresetnad av fortsatt drift. Det vert stadfesta at grunnlag for fortsatt drift er til stades.

Strategisk organisering

SUM etablerte i 2018 eit dotterselskap i samarbeid med Transferd AS med formål å utføre renovasjonstenester og transport for SUM. Det blir vidare sett på om det skal skiljast ut eige næringselskap.

Utvikling av selskapet

I 2018 blei det vedtatt å starte plastinnsamling får hushaldingane. Denne starta opp januar 2019. Framover blir det fokus på organisk avfall, arealbehov og økt sorteringsgrad.

Arbeidsmiljø

Sjukefråværet i selskapet var på totalt 128,6 dagar i 2018, noko som utgjorde 4,66 % av total arbeidstid. Styret ser dette som tilfredsstillande, men vil fortsette arbeidet med å redusere tal sjukedagar.

Arbeidsmiljøundersøking vart gjennomført av bedriftshelsetenesta våren 2018. Den visar til enkelte utfordringar i organisasjonen, noko som strekk seg langt tilbake i tid. Det har ikkje komme fram eller blitt rapportert alvorlege arbeidsuhell eller ulykker i løpet av året, som har resultert i store materielle skader eller personskadar. Arbeidsmiljøet blir sett på som bra, og det blir sett i verk løpande tiltak for forbetringar.

Likestilling

Selskapet har pr. utgangen av året 10 tilsette, av desse er 1 kvinne (10 %). Selskapet har 1 tilsett i deltidstilling: ein mann i variabel deltid /tilkallingsvikar. Selskapet har som policy at arbeid av lik verdi skal gi lik lønn.

Tiltak for å hindre diskriminering mv.

Bedrifta arbeider aktivt for å fremme likestilling, sikre like moglegheiter og rettar og hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonal opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn. For å bidra til dette, har bedrifta mellom anna etablert rutinar for rekruttering, der søkarar frå underrepresenterte grupper blir oppmoda til å søke. Det er også gjennomført ein gjennomgang av kriteria for karriereutvikling og leiarstillingar i bedrifta.

Ytre miljø

Selskapets verksemd er regulert av:

Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (Avfallsforskrifta)

Løyve etter ureiningslova for handtering av avfall mm på Hesjedalen Avfallsplass frå Fylkesmannen, sist endra 26 juni 2018.

Selskapet har ei gruppe med fokus på ytre miljø. Gruppa har fokus på støy, lukt og flygeavfall. Det er oppretta ein tovegs informasjonskanal med grannar for varsling og innkalling til møter.

På grunn av luktutfordringar blei kompostering på Einestølen avslutta i 2018. Det er har vært minimalt med luktutfordringar etterpå.

Utgreiing om årsrekneskapen og resultatdisponering

Etter styret si meining gir framlagt resultatrekneskap og balanse med notar eit uttrykk for verksemda sitt resultat for 2018 og økonomiske stilling ved årsskiftet.


Det er ikkje funne stad forhold etter rekneskapsårets slutt som er av betydning for bedøminga av rekneskapen.


Verksemda har for 2018 hatt eit underskot på kr. 4 483 916,-, som blir foreslått anvendt ved:


Reduksjon i abonnentanes sjølvkostfond for renovasjon	- kr 3 543 360
Reduksjon i abonnentanes sjølvkostfond for slam	- kr 1 580 202
Overført til annan eigenkapital	kr 639 646
Sum disponert	- kr 4 483 916


Førde, 15. mars 2019


Oddmund Klakegg
styrets leiar



Henning Tjørhom
dagleg leiar



Linda Ness Rotihaug
styremedlem



Anne-Britt Øyra
styremedlem


Geir Helge Norstrand
styremedlem


Grim Erik Giljestad
styremedlem


Marius Langballe Dalin
styremedlem


Signe Eimhjellen Mehl
styremedlem


Stig Robert Nerem Moltumyr
styremedlem



Årsrekneskap 2018
Sunnfjord Miljøverk IKS

Org.nr.: 970 921 915

Resultatrekneskap

Sunnfjord Miljøverk IKS

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2018	2017
Salsinntekt	13	52 178 971	43 769 904
Sum driftsinntekter		52 178 971	43 769 904
Varekostnad, transportkostnad	14	36 541 134	27 394 254
Lønskostnad	9, 15	8 569 202	8 213 151
Avskrivning	1	4 292 120	4 440 872
Annan driftskostnad		6 839 685	19 972 477
Sum driftskostnader		56 242 141	60 020 754
Driftsresultat		-4 063 170	-16 250 849
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		169 180	185 345
Annan rentekostnad		383	811
Resultat av finansposter		168 797	184 534
Ordinært resultat før skattekostnad		-3 894 373	-16 066 315
Skattekostnad på ordinært resultat	11	589 543	-957 429
Årsresultat		-4 483 916	-15 108 886
Overføring			
Overført egenkapital	7	-4 483 916	-15 108 886
Sum overføringer		-4 483 916	-15 108 886

Balanse

Sunnfjord Miljøverk IKS

Eigedelar	Note	2018	2017
Anleggsmiddel			
Immaterielle eigedeler			
Utsett skattefordel	11	5 264 084	5 339 679
Sum immaterielle eigedelar		5 264 084	5 339 679
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	1	27 095 149	30 252 716
Driftslausøyre, inventar, verktoy, kontormaskinar og liknande	1	4 200 613	5 226 174
Sum varige driftsmiddel		31 295 762	35 478 890
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap	2	505 000	0
Investeringar i aksjar og partar	3	12 553 297	12 553 297
Sum finansielle anleggsmiddel		13 058 297	12 553 297
Sum anleggsmiddel		49 618 144	53 371 867
Omløpsmiddel			
Krav			
Kundekrav	4	5 302 271	4 158 561
Andre kortsiktige krav	5	762 786	200 136
Sum krav		6 065 057	4 358 697
Bankinnskot, kontantar og liknande	6	19 587 010	22 226 650
Sum omløpsmiddel		25 652 066	26 585 347
Sum eigedelar		75 270 210	79 957 214

Balanse

Sunnfjord Miljøverk IKS

Eigenkapital og gjeld	Note	2018	2017
Innskoten eigenkapital			
Interessekapital	8	100 000	100 000
Sum innskoten eigenkapital		<u>100 000</u>	<u>100 000</u>
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	7	49 799 143	54 283 058
Sum opptent eigenkapital		<u>49 799 143</u>	<u>54 283 058</u>
Sum eigenkapital		<u>49 899 143</u>	<u>54 383 058</u>

Balanse

Sunnfjord Miljøverk IKS

	Note	2018	2017
Gjeld			
Avsetjing til plikter			
Andre avsetjingar for plikter		3 332 211	3 039 811
Sum avsetjing for plikter	10	<u>3 332 211</u>	<u>3 039 811</u>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		5 400 809	7 563 821
Betalbar skatt	11	513 948	333 608
Skyldige offentlege avgifter		2 114 482	1 305 999
Anna kortsiktig gjeld	12	14 009 618	13 330 917
Sum kortsiktig gjeld		<u>22 038 856</u>	<u>22 534 345</u>
Sum gjeld		<u>25 371 067</u>	<u>25 574 156</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>75 270 210</u>	<u>79 957 214</u>

Førde, 15.03.2019

Styret i Sunnfjord Miljøverk IKS


Oddmund Klakegg
styreleiar


Anne-Britt Øyra
styremedlem


Stig Robert Nerem Moltumyr
styremedlem


Marius Langballe Dalin
styremedlem


Grim Erik Gillestad
styremedlem


Geir Helge Nordstrand
styremedlem


Linda Johanne Ness Rotihaug
styremedlem


Signe Eimhjellen Mehl
styremedlem


Henning Tjørhom
dagleg leiar

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.

Driftsinntekter

Driftsinntekter består av renovasjonsinntekt som blir finansiert over det kommunale gebyret, inntekter frå næringsavfall, og inntekter frå papir, glas og metall. Renovasjonsinntekter blir inntektsført på grunnlag av bokført gebyrinnsamling i kommunane. Næringsinntekter og inntekter frå papir, glas og metall blir inntektsført på leveringstidspunktet.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Eignelutar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Eignelutar som er tilknytt varekretsløpet er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar vert klassifisert som omløpsmidlar dersom de skal betalast tilbake i løpet av eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterium lagt til grunn.

Omløpsmidlar vurderast til lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffingskost. Varige anleggsmiddel som vert forringa i verdi vert nedskrivne lineært over forventa økonomisk levetid. Anleggsmidlane vert nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje forventast å vere forbigåande. Nedskrivinga vert reversert i den utstrekning grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Langsiktig gjeld i norske kroner med unntak av andre avsetningar vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel vert balanseført og vert nedskrivne lineært over driftsmidlane si forventa levetid dersom dei har antatt levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15.000. Vedlikehald av driftsmiddel vert kostnadsført løpande under driftskostnader. Påkostingar eller forbetringar vert lagt til driftsmiddelets kostpris og vert nedskrivne i takt med driftsmiddelet. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring vert rekna i forhold til driftsmiddelets stand ved kjøp av driftsmiddelet.

Dotterselskap

Dotterselskap er vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapen. Investeringa er vurdert til anskaffingskost for aksjane med mindre nedskrivning har vore naudsynt.

Investeringar i andre selskap og i verdipapirfond

Investeringar i andre selskap og verdipapirfond vurderast etter kostmetoden.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av de enkelte fordringane. I tillegg vert gjort det for andre kundefordringar ein uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.

Regnskapsprinsipper forts**Pensjonar**

Selskapet har ei ytelsesbasert pensjonsordning. Pensjonsordningane er finansiert gjennom innbetalingar til forsikringsselskap..

Ytingsplanar

AFP-ordninga er ein ytelsesbasert fleirforetaksordning, men vert rekneskapsført som ein innskotsordning fram til det føreligg påliteleg og tilstrekkeleg informasjon slik at selskapet kan rekneskapsføre sin proporsjonale andel av pensjonskostnad, pensjonsforplikting og pensjonsmidlar i ordninga. Selskapet sine forpliktingar er dermed ikkje balanseført som gjeld.

Skatt

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både periodens betalbare skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt er rekna ut med 22 % på grunnlag av de midlertidige forskjellar som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt eventuelt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteaukande og skattereduserande midlertidige forskjellar som reverserer eller kan reversere i same periode er utlikna. Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande forskjellar som ikkje er utlikna og underskot til framføring, er grunnjevne med antatt framtidig inntening. Utsett skatt og skattefordel som kan balanseførast er oppført netto i balansen.

Kommunale avfallsselskap som tilbyr kommersielle tenester i marknaden er skattepliktige for den delen av verksemda som er relatert til næringsavfall.

Note 1 Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel	Bygg og tomter	Drifts-løse og maskiner	Sum varige drifts-middel
Kostpris 01.01.	129 173 176	20 114 970	149 288 146
Tilgang	108 992	0	108 992
Kostpris 31.12.	129 282 168	20 114 970	149 397 138
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	102 187 018	15 914 357	118 101 375
Balanseført verdi 31.12.	27 095 149	4 200 613	31 295 762
Avskrivningar i år	3 266 559	1 025 561	4 292 120
Forventa økonomisk levetid	25 - 50 år	5 - 10 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	

Note 2 Datterselskap

Datterselskap	Forret-nings-kontor	Eigar-andel/ Stemme-andel	Eigenkap. siste år (100%)	Resultat siste år (100%)	Balanse-ført verdi
Sumtrans AS	Førde	50,5 %	884 042	-100 388	505 000
Balanseført verdi 31.12.					505 000

Note 3 Investering i aksjar og fond

	Kostpris	Marknads-verdi	Balanse-ført verdi
Rekom AS	53 297	0	53 297
Markedsbasert aksjer	12 500 000	13 824 382	12 500 000
Balanseført verdi 31.12.		13 824 382	12 553 297

Note 4 Kundefordringar

	I år	I fjor
Kundefordringar til pålydande 31.12.	5 302 271	4 158 561
Delkredereavsetning 31.12.	0	0
Kundefordringar 31.12.	5 302 271	4 158 561
Konstaterte tap på fordringar i år	0	0
Innkomme på tidligare avskrivne fordringar	0	0
Tap på fordringar	0	0

Tap på fordringar inngår i posten andre driftskostnader.

Note 5 Andre kortsiktige fordringar

	I år	I fjor
Andre kortsiktige fordringar	229 504	200 136
Periodisering inntekter	533 282	
Kortsiktige fordringar 31.12.	762 786	200 136

Note 6 Bundne midlar

	I år	I fjor
Bundne betalingsmidlar pr. 31.12. utgjær	383 890	400 534

Note 7 Eigenkapital

Endring i eigenkapital i år	Interesse- kapital	Sjølvkost- fond renova- sjon	Sjølvkost- fond slam	Annan eigen- kapital	Sum
Eigenkapital 01.01.	100 000	2 139 256	-5 390 913	57 534 714	54 383 058
Årsresultat		-3 543 360	-1 580 202	639 646	-4 483 916
Eigenkapital 31.12.	100 000	-1 404 104	-6 971 115	58 174 360	49 899 143

Note 8 Interessekapital

Selskapet hadde ved stiftinga i 1993 ein interessekapital på kr 100 000, som var fullt innbetalt av medlemskommunae i høve folketalet 1.1. 1992

Oversikt over medlemskommunane 31.12.

	Interesse- kapital	Sum	Eigarandel
Førde Kommune	40 130	40 130	40,1 %
Gaular Kommune	10 290	10 290	10,3 %
Jølster Kommune	10 920	10 920	10,9 %
Naustdal Kommune	10 050	10 050	10,1 %
Fjaler kommune	10 770	10 770	10,8 %
Hyllestad kommune	5 650	5 650	5,7 %
Askvoll kommune	12 190	12 190	12,2 %
Sum	100 000	100 000	100 %

Note 9 Pensjonar

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om tenestepensjon.

Selskapet har etablert ytelsesbasert pensjonsordning.

Selskapet har og ein avtalefesta fortidspensjonsordning (AFP). Selskapet har valt ei løysing med sjølvfinansiering av AFP 62-65 år.

Selskapet sine pensjonsordningar tilfredsstillar krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Årets netto pensjonskostnad fremkommer på følgende måte:	I år	I fjor
Årets pensjonspremie til innskudsbasert ordning	855 857	819 649
Årets netto pensjonskostnad	855 857	819 649

Note 10 Andre avsetjingar for plikter

	I år	I fjor
Andre avsetjingar for plikter består av:		
Etterdriftsfond	3 332 211	3 039 811
Andre avsetjing for plikter 31.12.	3 332 211	3 039 811

For å oppfylle krava i avfallsforskrifta § 9.10 om finansiell garanti og kostandsdekning og rettleiing for etterdriftsfond frå SFT, er det avsett rekneskapsmessig til etterdriftsfond. I 2018 er det deponert 5 591 tonn avfall på deponiet til SUM. Avsetjinga utgjer kr 50 Pr tonn. Satsen er basert på ein rekneskapsmessig kalkyle for drift av renseinstallasjonar og prøvetaking av sigevatn i 30 år.

Note 11 Skatt

Utrekning av utsett skatt/utsett skattefordel

	I år	I fjor
Mellombelse skilnader		
Anlegsmiddel	-18 223 654	-17 511 993
Avsetning kostnader biocelle - næringsdel	-5 704 000	-5 704 000
Netto mellombelse skilnader	-23 927 654	-23 215 993
Grunnlag for utsett skatt/skattefordel i balansen	711 661	-23 927 654
22%/23% Utsett skattefordel	-5 264 084	-5 339 678
Av dette ikkje balanseført utsett skattefordel	0	0
Utsett skattefordel i balansen	-75 595	-5 339 678

Grunnlag for skattekostnad, endring i utsett skatt og betalbar skatt

Resultat før skattekostnad (næring)	1 232 989	-5 034 531
Permanente skilnader	289 907	77 910
Grunnlag for skattekostnad i år	1 522 896	-4 956 621
Endring i mellombelse skilnader	711 659	6 346 648
Grunnlag for betalbar skatt i resultatrekneskapen	2 234 555	1 390 027
Skattepliktig inntekt (grunnlag for betalbar skatt i balansen)	2 234 555	1 390 027

Fordeling av skattekostnaden

Betalbar skatt (23 %/24 % av grunnlag for betalbar skatt i resultatrekneskapen)	513 949	333 607
For mye, for lite avsatt i fjor	0	0
Sum betalbar skatt	513 949	333 607
Endring i utsett skatt	75 595	-1 291 036
Skattekostnad (23 % av grunnlag for årets skattekostnad)	589 544	-957 429

Betalbar skatt i balansen

Betalbar skatt (23 % av grunnlag for betalbar skatt i resultatrekneskapen)	513 949	333 607
Betalbar skatt i balansen	513 949	333 607

Note 12 Anna kortsiktig gjeld

	I år	I fjor
Anna kortsiktig gjeld består av;		
Avsett kostnader biocelle - hushaldning	6 696 000	6 696 000
Avsett kostnader biocelle - næring	5 704 000	5 704 000
Pådregne feriepengar	716 765	676 237
Pådregne kostnader	892 853	254 680
Anna kortsiktig gjeld 31.12.	14 009 618	13 330 917

I rekneskapen er det avsett kr 12 400 000 til påløpne kostnader til etablering av biocelleanlegg, fordelt på kr 6 696 000 på hushaldning og kr 5 704 000 på næring. Avsetjinga skal dekke kostnader til handsaming av kompostlager. Sidan det er usikkerheit knytta til handsamingmetode og dermed kostnader, etter komposteringsperioden, er det ikkje innarbeida ei avsetjing i rekneskapen knytta til eventuelle kostnader etter at driftsfasen for biocelleanlegget er ute. Vi viser også til omtale i årsmelding for 2018.

Note 13 Salsinntekter

	I år	I fjor
Renovasjonsinntekt	30 023 520	25 472 907
Inntekt slam	6 058 024	7 174 889
Næringsavfall	13 906 230	9 002 803
Andre inntekter	55 250	36 000
Sal til gjenvinning	2 135 947	2 083 306
Sum salsinntekter	52 178 971	43 769 905

Note 14 Varekostnad, transportkostnad

	I år	I fjor
Renovasjonsbil	12 592 702	11 354 474
Energigjennvinng restavfall	9 684 216	8 731 753
Transport til materialgjenvinning	1 168 177	
Tømming og transport av slam	4 216 234	3 946 546
Slutthandsaming slam inkl gebyr	6 291 407	
Transport containere næring	425 805	588 800
Transport containere gjenvinningsstasjoner	1 079 740	1 293 874
Farleg avfall, transport og behandling	1 082 853	1 478 807
Sum varekostnad, transportkostnad	36 541 134	27 394 254

Note 15 Lønskostnader, sysselsette årsverk, godtgjeringar, lån til tilsette mm.
--

Lønskostnader	I år	I fjor
Løn	6 650 980	6 444 020
Arbeidsgjevaravgift	808 489	754 852
Pensjonskostnader	751 674	718 494
Andre ytelser	358 058	295 784
Sum	8 569 201	8 213 150

Sysselsette årsverk	10	10
---------------------	----	----

Ytingar til dagleg leiar og styret	Dagleg leiar	Styret, represen- tantskap
Løn	888 384	278 169
Pensjonsutgifter	97 172	0
Anna godtgjering	0	0

Det er ikkje gitt lån/sikkerhetsstillelse til dagleg leiar, styreformann eller andre nærstående parter.

Revisor

	I år	I fjor
Revisjon	60 000	56 000
Skatteteknisk bistand	30 000	
Andre tenester	52 500	20 000
Sum honorar til revisor	142 500	76 000

Til generalforsamlinga i Sunnfjord Miljøverk IKS

Melding frå uavhengig revisor

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Sunnfjord Miljøverk IKS sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2018, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til rekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2018, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.


For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisor kontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Førde, 15. mars 2019
PricewaterhouseCoopers AS


Jan Flølo
Statsautorisert revisor